



ASTRID KROG HALSE

Gammelgadden

*Om såmmårdåggån vart alt så stilt her,
og elgen roa seg bortpå rabbom,
imellom fjellris og bjerk og vier,
med' hårrån luska på mjuke labbom.*

*Slik fred du fann ikkje kor du leita,
som her kring gadden på Finntrøhøgden.
Av og til kom her kyr og beita,
men sjeldan før det no' folk tu bøgden.*

*Men så gryr dagen då dei kjem farand',
som trampar tungt i den mjuke mosen,
og jagar rypa og skyt ned elgen.
I alle lier og fjell går losen.*

*Ja, dei kjem farand' som ikkje ansar
den ville angsten i dyreaugom,
men berre flyg etter eigne sansar,
og skrik og skræmer og drep i haugom.*

*Den siste natta bar med seg snøen.
Han la seg lint over blodut jord.
Men høgst på Finntrøen står Gammelgadden
og krøkjer greiner åt dei som før!*

Frå diktsamlingen „Marimesse“
av Astrid Krog Halse.